


Sjå adresseliste

Vår ref:  
2009/451-2

Sakshandsamar:  
David Bergh Tharaldsen  
  
david.tharaldsen@valle.kommune.no

Arkiv:  
C20/&13

Dato:  
02.07.2009

## Høyring - forslag til endringar i friluftslova

Syner til dykkar forslag til endringar i lov om friluftsliv av 28. juni 1957 nr. 16 (friluftsløven), og tillett oss med dette å kommentere nokre av endringane.

### Til forbodet mot ferdsle i skogplantefelt (§ 1a).

Dette er noko problematisk. Vi ser at det kan vere flott at bærplukkarar får kome til dei flotte områda med bær, men samstundes vil det og gi tilgang for aktivitet som kan skade ungsbogen (bål brenning, spikking av bål pinnar, riding m.m.). Plantefelt er ofte sparekontoen til grunneigarane, og det vil kunne få store konsekvensar om eigarane ikkje kan avgrense denne tilgangen. Vi ønskjer difor at for denne endringa bør det vurderast restriksjonar i høve anna aktivitet enn til døme bærplukking. Livssyklusen til skogen er så lang at vi ser det som eit mogleg sjansespel å risikere at ungskog vil kunne verte skada, noko som i neste runde betyr økonomisk tap for eigar.

### Oppheving av forbodet mot å telte nærare enn 150 meter frå bustadhus (§ 9).

Dette er eit tiltak som kanskje vil vere positivt i strandsona, men på bygda og utkantstrok vil dette kunne få uheldige verknader. Næringar som satsar på støls turisme vil kunne få utfordringar med å skilje dei som er med på arrangement og dei som ikkje er med. Ein som ikkje er med på arrangementa kan såleis slå opp telt midt i eit arrangement, og verte ei utfordring for arrangøren. I store deler av landet er det så god plass at å ha ei grense på 150 meter, vil ikkje by på problem for dei som skal slå leir, medan å ikkje ha denne grensa kan by på utfordringar for næringar. Difor meiner vi at å ha ein differensiering kan vere i løysing. I utkantstrok vil ei oppretthalding av grensa ikkje by på problem slik vi ser det.

### Friluftsgorganas arbeidsoppgåver (§ 22).


Den grunnen som i dette endringsforslaget skal tilligge Fylkeskommunen å medvirke i sakshandsaminga på, ligg i kommunane. Av den grunn reknar vi med at eit utstrakt samarbeid er ein sjølvsagt konsekvens, og at flyttinga av oppgåver frå Fylkesmannen (ref. Ot.prp. nr. 10 (2008-2009)), samt tillegginga av arbeidsoppgåver i forslaget til endringar i friluftsløven, ikkje rokkar ved dette prinsippet.

**Inngrepsløyve for kommunar og friluftslag (§ 35).**

Det kan synes greitt at kommunane får auka tilgang til å leggje til rette for ålmenta, noko vi ser positivt på. Samstundes er dette ei utfordring i små samfunn, kor vi må handtere slike saker med konduite, og samstundes ha eit godt samarbeid med innbyggjarane. Vi ser difor dette som ei utfordring som departementet bør vere klar over.

Til slutt vil vi seie at prinsipielt kan det vere ei utfordring å utvide ålmenta si tilgang til utmark slik denne endringa legg opp til, som må handsamast med tanke for kva for utvikling vi ser i framtida. Ein kraftig auke av utanlandske turistar vil kunne gje vesentlege større belastning på naturen, noko som vil krevje auka tilsyn og kontroll med aktivitetane. Denne aktiviteten vil kommunane måtte forholde seg til. Valle kommune ønskjer auka aktivitet, men balansegangen i høve denne aktiviteten og belastninga er eit forhold vi i dag ikkje kjenner konsekvensane av.

Med helsing



David B Tharaldsen  
leiar utvikling

Adresseliste:

Det kongelige miljødepartementet Postboks 8013, Dep. 0030 OSLO

Interne kopimotakarar

Frode Buen

Jon Ødeskaug

Rune Ingebretsen

Torunn Charlotte N. Lund